



Dette er mamelukkar! Astrid Elin Lønning demonstrerar

**Frå heimestrikk til mamelukk er overskrifta på ein av bolkane under museumsdagen på Rød søndag, som varar frå klokka 14 til 17.**

**Heimestrikka skjønar vi kva er, men mange har truleg problem med mamelukk. Difor demonstrerar Astrid Elin Lønning frå Bømlo det for uskedalen.no i lemstova.**

**Ho er prosjektleiar ved Sunnhordland Folkemuseum på Stord og har med seg strikka plagg til utstillinga i Uskedalen.**



Strikka plagg frå museet

Mamelukkar er namnet på ymse typer halvlange underbukser for jenter og kvinner. På 1800-talet kom det på moten med mamelukkar i form av vide, sydde underbukser med blonder som stakk fram nedanfor kanten på kjolen.

Dette var moteprega plagg til forskjell frå fattigfolks strikka plagg. I dag er mamelukkar ei halvlang og ofte elastisk underbukse av ull som går ned på låret,

Plagget har fått namn etter mamelukkane som var soldatslavar i Egypt.

Sunnhordland-museet på Stord har eit utruleg allsidig utstillingsprogram, med spennvidde frå HSK og ubåtar til tekstilar. Ofte bistår dei andre utstillarar som i dette tilfellet.

Astrid Elin Lønning har hatt med seg til Uskedalen til dømes srikkjakker, hua, sokker, og votter. Nokre av tekstilane vart laga tidleg på 1800-talet og nokre er så sletne at det er strikka nye delar på dei.

Frå Sunnøve Rød, Gunvor Landa og Anne Gurine Bringedal har bygdetunet fått lånt til dømes mamelukkar, nattkjoler, sengetøy, anna undertøy, forkle, liv, draktjakke og kåpe.

Den andre hovedbolken i programmet på denne tradisjonsdagen handlar om Jakob Sande.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen